

## Butikken med dei flinke vikarane

24.07.2014



Stian fyller opp colalageret

**SPAR Uskedalen klatrar år etter år opp på Norgestoppen og ei forklaring på suksessen er eit dyktig personale. Det gjeld ikkje berre den faste staben, men også sommarvikarane som for nokre dagar sidan vart rost opp i skyene av den daglege leiar Bente Nilsen.**

**Dei ho då sikta til var då Stian Storevik Myklebust, Margaret Sæle, Vegard Døssland, Fang Hai og Johannes Taranger. Fleire av dei stiller som vikarar også ellers i året.**

Det gjeld til dømes Stian (17), som vi møter i intens jobb med å supplera colalageret. Han er vaskehjelp på årsbasis og skal attende til det når 2 månaders sommarjobb er over.

- Eg er ringevakt og dei ringte i dag, opplyser Stian.

- Så du ville ikkje heller bada?

- Nei, no har eg bada nok og dessuten er det jo ein god arbeidstemperatur her inne, med 22 grader. Det er 10 gradar varmare ute.

- Du ville ikkje heller ha satsa på ein annan arbeidsplass?

- Slett ikkje, dette er den beste eg kan tankje meg med ei svært hyggjeleg tone mellom tilsette og vikarar. Og ettersom eg også vaskar var det naturleg å ta sommarjobben i tillegg, seier Stian som går på studiespesialisering ved vidaregåande på Husnes.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen